



## Månadsbrev januar 2016

Vel overstått jule- og nyttårshelg, og godt nytt år!

Juletreffesten var ei fin innleiing til juleferien, og eg er heilt samd med alle som synest elevane på Sinnes skule er flinke. Det er dei! Det er ikkje mi fortенeste, men kvar enkelt unge og alle lærarane som står på, både i kvardagen og før ei slik samling. Nå er det på 'an att med læring og arbeid, og tida går fort fram til vinterferien. Og plutseleg er det sommarferie...

Januar bør vera ein god arbeidsmånad, men det blir nokre "avsporingar" m.a. med rikskonsert for 8.-10. klasse, "Eget", tysdag 19. januar, før det vert teikneserieverkstad med Åsmund Åmdal dagen etter. "Eget" er ein konsert med m.a. Vegar Vårdal, der me skal vera med på ein konsert "hvor identitet, kreativitet og musikalske grenser er overskriftene". Dagen etter skal dei læra om ulike verkemiddel i teikneseriar, før dei lagar ei stripe sjølv, som vert samla i eit felles teikneseriehefte. Det var veldig kjekt sist, og det blir nok laga mange fine striper i år òg.



Det vert FAU-møte i løpet av januar før SU- og SMU-møte 26. januar, der ein m.a. skal ta opp skuleruta for 2016/2017. Nå vedtok førre hovudutval for oppvekst og levekår at Sinnes skal ha haust- og vinterferie saman med Rogaland, men det kan jo vera andre datoar som kan diskuterast.

Dessverre har ikkje skuleruta for dette skuleåret vore heilt oppdatert på heimesida, så eg vil berre minna om at me har vinterferie i veke 7, og at det dermed er onsdagsskule veka før, dvs. **10. mars** (og ikkje 17. som det har stått til nå). Eg orsakar så mykje!

Møte og kurs for lærarar er det nok av, og rektor er utskremd på HMS-kurs både 7. og 28. januar, medan Sølvi skal på SKU-samling for ressurslærarar 12. og 13. Ho og underteikna skal òg på nettverkssamling i Lyngdal i SKU-satsinga måndag 18. januar, og 21. og 22. arrangerer einingsleiaren arbeidsseminar i Kristiansand for inspektørar og rektorar for å finna ein felles visjon og kurs for skulane i Sirdal.

Ordninga med gratis skyss for ungdom er oppheva frå 01.01.16, jamfør sak om budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019i kommunestyret. Ein enkeltbillett kostar kr. 21,-.



Det er ny buss både sørfrå og nordfrå, og dei må me ta godt vare på! Og så er det viktig å hugsa å bruka bussbelte!

Sinnes 04.01.16, *Ase-Berit* (rektor)